



Boligbygg Vest AS
Fagerdalen 4
5039 BERGEN

Referanser:
Dykker:
Vår: 18/1439 - 18/11762

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

Dato:
30.05.2018

Pålegg - GBNR 23/567 - Pålegg om sikring av byggeplass og førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt - Elvaåsen

Administrativt vedtak. Saknr: 118/2018

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Heimelshavar: Tysseland arkitektur AS
Heimel: Plan- og bygningslova §§ 32-3 og 32-5

Saka gjeld:

Vi viser til gitt løyve til opparbeiding av utomhusarealet på gbnr. 23/567, samt alle gitte løyve til oppføring av bygninger på eide domen.

Etter tilsyn på eide domen onsdag 23.5.2018 fann kommunen at byggeplassen ikkje var tilstrekkelig sikra. Vi kontakta ansvarleg sokjar og stilte krav om betre sikring. Kommunen gjennomførte på nytt tilsyn i dag, onsdag 30.5.2018 og kan framleis ikkje sjå at byggeplassen er tilstrekkeleg sikra.

Grunngjeving for pålegg om sikring og ilegging av lovbrotsgebyr:

Grunnboka viser at Boligbygg Vest AS er heimelshavar til eide domen. De er difor ansvarlege for å rette opp i dei ulovlege tilhøva.

Det følgjer av pbl § 28-2 første ledd at «*[b]ygget- eller rivingsarbeid, graving, sprenging eller fylling kan ikke igangsettes uten at de ansvarlige på forhånd har truffet nødvendige tiltak for å sikre mot at skade kan oppstå på person eller eiendom, (...)*» Vidare følgjer det av andre ledd at «*[m]askiner, stillaser og alt utstyr for byggearbeid skal være forvarlig innrettet og vedlikeholdt, (...)*»

Meland kommune kan ikkje sjå at gbnr. 23/567 er tilstrekkeleg sikra etter ovannemnde føresegn. Kommunen har plikt til å følgje opp overtredingar etter plan- og bygningslova, jf. pbl § 32-1.

Med bakgrunn i nemnde tilhøve gir kommunen pålegg om sikring.

Pålegg om sikring:

Det følgjer av pbl § 32-4 at bygningsmynde kan gje den ansvarlege pålegg om stans av arbeid med øyeblikkelig verknad, og utan førehandsvarsle. Føresegna gjeld ikkje direkte for sikring av ein eigedom, men kommunen kan med heimel i sedvanerett, og i samsvar med prinsippet i straffelova § 17 om naudrettshandlingar, gripe inn i situasjonar der bygning, anlegg eller konstruksjon er til fare for skade på person.¹

På bakgrunn av dette krev Meland kommune at det på gbnr. 23/567 vert sett opp samanhengande, høge byggegjerde på kring 2 meter rundt byggeplassen, for å redusere fare for skade på personar.

Vidare må det setjast opp skilt som viser at sti over Elvaåsen til Elvavika er stengt grunna byggearbeid.

Det må også setjast opp fleire byggjegjerde nede ved elva slik at tilkomsten til byggeplassen vert stengt.

Frist for gjennomføring er satt til **tysdag 5.6.2018 kl 12.00**.

Meland kommune vil gjennomføre eit nytt tilsyn på eigedomen saman med ansvarleg søker, tysdag 5.6.2018 kl 13.00.

Førehandsvarsle om pålegg om ileyding av tvangsmulkt:

Viss ikkje pålagte sikring er retta innan fristen, vil kommunen vurdere å gje pålegg om ileyding av tvangsmulkt, jf. pbl § 32-5 første ledd. Tvangsmulkta vil vere i form av eingangsmulkt og dagmulkt, jf. pbl § 32-5 andre ledd.

Andre opplysningar:

Vi gjer merksam på at det er eigar sitt ansvar å sørge for at reglane i plan- og bygningslova blir overhalde.

Dersom pålegget ikkje vert fylgt, kan kommunen utferde forelegg etter pbl § 32-6. Eit førelegg vil få same verknad som rettskraftig dom, jf. pbl § 32-7.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grungjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

¹ O.J. Pedersen m.fl, Plan- og bygningsrett, 2. utgave, Del 2, på side 652

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tysseland Arkitektur AS Strandgaten 19 5013 BERGEN

Mottakere:

Boligbygg Vest AS Fagerdalen 4 5039 BERGEN